



NVE  
Noregs vassdrags-  
og energidirektorat

VINJE KOMMUNE  
Vinjevegen 192  
3890 VINJE

**Vår dato:** 21.05.2026  
**Vår ref.:** 202402383-20 Oppgi ved kontakt  
**Dykkar ref.:** 202378118

**Sakshandsamar:** Astrid Flatøy,  
22959768, asfl@nve.no

## **NVEs uttale - Høyring - Detaljregulering - Mobø gnr. 136 bnr. 71 Raulandsgrend - Planid. 20240003 - Vinje kommune**

Vi viser til brev datert 03.12.2025. Saka gjeld høyring av detaljreguleringsplan for Mobø. Føremålet med planarbeidet er å regulere om gjeldande plan frå hyttefelt til kommunalt bustadfelt. Det er planlagt 14 mindre tomter for frittliggjande småhusbustader (mikrohus) og to stortomter med høve for fleire bueiningar. NVE har fått utsett frist.

### **Om NVE**

NVE er nasjonal sektormynde for flaum, erosjon, skred, vassdrag, grunnvatn og energi. I tillegg rettleier vi om førebygging av skadar frå overvatn og forvaltning av vassdrags- og energirelaterte kulturminne. Som høyringsinstans skal vi bidra til at nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor saksområda våre blir vareteke.

### **NVEs uttale**

#### *Flaumfare*

Planområdet er flaumutsett og NVEs vurdering av planforslaget som var sendt på høyring var at sikkerheit mot flaumfare ikkje var tilstrekkeleg vareteke og innarbeid i plandokumenta. NVE hadde difor grunnlag for motsegn til planen. NVE har hatt dialog med kommunen for å løyse saka utan at vi fremjer motsegn.

I e-post til kommunen datert 13.02.2026 skreiv vi:

«Planområdet er flaumutsett.

Det må gjerast ei konkret vurdering av mogleg flaumfare. Vi viser til NVE Veileder 3/2022: Sikkerhet mot flom. Utredning av flomfare i reguleringsplan og byggesak og til NVE 1/2022 Veileder for flomberegninger.

Det er planlagt oppfylling av terrenget for å oppnå krava i TEK17 § 7-2 for tryggleiksklasse F1 (garasje/carport/bod) og F2 (bustadhus/mikrohus).



Tiltak i planområdet (oppfylling av terrenget) må ikkje føre til auka flaumfare utanfor planområdet, jf. pbl. § 28-1, 1. ledd, andre setning og TEK17 § 7-1, 2. ledd som seier: «Tiltak skal prosjekteres og utføres slik at byggverk, byggegrunn og tilstøtende terreng ikke utsettes for fare for skade eller vesentlig ulempe som følge av tiltaket.»

Det må bli dokumentert at flaumforholda på omgjevnadane ikkje blir forverra.»

Flaumvurdering utført av COWI (2018) var lagt ved høyringa. NVE fekk utsett frist til 30.04.2026 og kommunen bestilte ny flaumvurdering frå Norconsult AS som blei sendt til NVE 29.04.2026. NVE fekk etter dette ny frist til 18.05.2026 og har etter dette hatt fortsett dialog med kommunen og vurdert flaumrapporten og dei oppdaterte plandokumenta.

Flaumvurderinga frå Norconsult AS datert 28.04.2026, oppdatert 18.05.2026 og 21.05.2026 viser at planområdet er flaumutsett og det står i samandraget at:

«planlagte boliger bør heves med om lag 20-30 cm over dagens terrengnivå for å oppfylle kravene i TEK17 for 200-årsflom, inkludert klimapåslag og sikkerhetstillegg. Gitt at disse tiltakene gjennomføres vil flomforholdene for omkringliggende eiendommer ikke forverres for omkringliggende eiendommer.»

Det er gitt ein tabell i rapporten som viser kor mykje kvart bygg må hevast for å oppnå krava i TEK17 for 200-årsflaum. Denne tabellen er tatt inn i reviderte føresegner (05.05.2026) føresegn 4.1.2. Flaumfare (H320): «Planområdet er regulert med faresone, flaumfare H320. Terrenget for tomtene må hevast i samsvar med tabell 2. Høgder målast på staden.»

#### *Heving av terrenget og påverknad på omgjevnadene*

TEK17 § 7-1, 2. ledd seier: «Tiltak skal prosjekteres og utføres slik at byggverk, byggegrunn og tilstøtende terreng ikke utsettes for fare for skade eller vesentlig ulempe som følge av tiltaket.»

Figur 11 i rapporten viser at det ikkje er naudsynt å heve terrenget for å oppnå sikkerheitskrava for flaum for bodar og carport, sikkerheitsklasse F1 som er 20-årsflaum.

Etter dialog med kommunen har Norconsult AS utført fleire tester av heving av terreng, og har laga kart som viser forskjell i vassdybde og hastigheit (differanse med og utan terrengheving).

Vi viser til det som står i e-posten frå Norconsult til kommunen datert 21.05.2026:

«Mobø boligfelt kan bli berørt av flom, men planområdet kan sikres med forholdsvis små tiltak. Norconsult mener lokal terrengheving rundt nye bygg vil være mest hensiktsmessig. Slike tiltak vurderes å ikke påvirke flomrisikoen eller flomfare for tilstøtende arealer. Den siste vurderingen er gyldig så lenge endringer ikke er mer omfattende enn det som er vurdert i vedlagt rapport. Det følger derfor en anbefaling om å begrense terrengendringer til nye bygg og vegger.»



NVEs vurdering er at Norconsult AS sin rapport (siste revisjon 21.05.2026) kap. 4.4 *Påvirkning på omkringliggende eiendommer*, tilstrekkeleg dokumenterer at omgivnadane ikkje blir påverka i strid med reglane i pbl. § 28-1, 1. ledd, andre setning og TEK17 § 7-1, 2. ledd, forutsett at berre arealet under bustadane og vegar blir heva til flaumsikkert nivå.

NVE gir eit **sterkt fagleg råd** om at det må stå tydeleg i føresegn 4.1.2. *Flaumfare (H320)* at det ikkje er tillate å heve heile terrenget for tomtane. Det er berre tillate å heve terrenget under bustadhusa og vegar til nivået som er gitt i tabellen i føresegna.

### **Meir informasjon**

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmande. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

### **Meld inn naturfareutgreiingar**

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

### **Kommunen sitt ansvar**

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Peer Sommer-Erichson  
fung. seksjonssjef

Astrid Flatøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*



**Mottakarar:**  
VINJE KOMMUNE

**Kopimottakarar:**  
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK